


# Utviklingen i ferjemarkedet

Arild Fuglseth, samferdselssjef

Møre og Romsdal fylkeskommune

Ferjekonferansen 2019



Fjord1 glade for å ha sikra seg Hareid-Sulesund

# – Det grøne skiftet er kome til Sulafjorden



# Berekna årlege utslepp (tonn CO2-ekvivalentar)




| | 2013 | 2017 | 2020 | 2024 |
|---|---|---|---|---|
| Fylkesvegferjer: Miljøtiltak Sula,- Nordmørs- og Romsdalspakken og Indre Sunnmørepakken | 61 978 | 60 370 | 44 133 | 22 916 |

■ Fylkesvegferjer: Miljøtiltak Sula,- Nordmørs- og Romsdalspakken og Indre Sunnmørepakken

# Trafikkutvikling på fylkesvegferjene 2010 - 2018






Møre og Romsdal fylkeskommune

# Store investeringar for å realisere miljøløysing (mill. kroner)




| | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023-2027 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Enova | | | | | | | -220 |
| Infrastruktur miljø | | 91,5 | 77 | 226,6 | | 243,8 | 638,9 |
| Infrastruktur kai | 173,84 | 75,5 | 75 | 127 | 236 | 308 | 995,34 |

Merknad: Usikkerheit knytt til kostnadene (raude og blå felt).

# Auka driftskostnader i nye ferjeanbod (mill. kroner)

Takster

Tabell over auka driftsutgifter som følgje av nye ferjeanbod.

| | | Drift | | |
|---|---|---|---|---|
| | | 2020 | 2021 | 2022 |
| **Auka kostnader nye ferjeanbod** | Sulapakka | 20 | 20 | 20 |
| | Nordmørspakken | 35 | 35 | 35 |
| | Resterande ferjeanbod* | 36 | 36 | 48 |
| **Sum auka kostnader drift** | | **91** | **91** | **103** |

Kjelde: Fylkestinget i Møre og Romsdal, sak T-26/18

# Standard og tilbud i Møre og Romsdal



# Gjenståande kjøretøy fylkesvegferjer, årleg



# Om inntektssystemet, ferjestandard og finansiering av ferjedrifta

- Nytt inntektssystem er på høyring
  - Ferjedriftsstandard: Kostnadsmodellen gir berre kompensasjon for tilbod tilsvarande ferjedriftsstandarden
  - Estimert inntektsmodell: Forslag til inntektsmodell reknar frådrag for alle inntektene, også av den trafikken som kjem som følgje av eit tilbod høgare enn standarden
    - Vi får ikkje kompensert kostnadene ved eit høgare tilbod enn standarden, men vi blir trekt for inntektene av <u>all</u> trafikk - inkludert ekstra trafikk som følgje av betra tilbod
  - I tillegg brukar modellen gjennomsnittleg rabatt. I Møre og Romsdal er rabattandelen høgare enn gjennomsnittet i Norge
    - For høgt trekk for inntekter (10 mill kroner pr år)



# Ferjerevolusjon kan gje pengesmell langs heile norskekysten

LAVIK/OPPEDAL (NRK): Dei neste ti åra skal nesten kvar einaste ferje i Noreg bli miljøvennleg. Utsleppa vil stupe, men kystfylka kan ende opp med store utgifter.



HALVELEKTRISK: MF «Stavanger» mellom Lavik og Oppedal er ei hybridelektrisk ferje.

**– I verste fall fryktar vi at dette vil gå ut over tenestetilbodet til innbyggjarane våre. Det trur eg ikkje det er nokon som ønskjer, seier fylkesordførar i Sogn og Fjordane Jenny Følling (Sp).**

Fram til 2025 skal heile ferjeflåten i Sogn og Fjordane verte skifta ut med nye, fornybare ferjer. Hordaland er allereie godt i gang med same skiftet, og Nordland og Møre og Romsdal vil følgje etter.

**– Og der ser vi at det kostar mykje pengar for det offentlege. Det er mellom anna fylket som må ta rekninga for å byggje ut ferjekaiene, seier Følling.**



GIR NOK: Samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen (Frp) meiner dei har gitt nok pengar til elektrifisering av ferjeflåten

## Ketil Solvik-Olsen: – Også fylka må bidra

Samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen (Frp) seier at staten bidrar med mykje pengar for å hjelpe til med elektrifisering, men at dei ikkje kan betale alt.

**– I valkampen pratar ein om at ein vil vere i front og bidra til det grøne skiftet, då må ein også vere villige til å prioritere det. Då må alle vere med å bidra, også fylka.**

Solvik-Olsen fortel at staten allereie har bidrege med fleire hundre millionar kroner i samband med elektrifisering av ferjer.